

Dialogmøte med grendautval 2021

Møtet vart gjennomført på Teams 18.03.21 kl 18-20. Grendautvala hadde blitt invitert til å delta gjennom informasjon i nyheitsbrev i februar og møteinnkalling som var sendt til kontaktpersonane i grendautvala.

Tilstades på dialogmøtet var: Tonje Paulsen og Lars Andreas Alfsvåg (Meling krinslag), Arild Grasdal, Svein Helge Natterøy og Arild Grønås (Rubbestadneset grendautval), Gerd Nancy Notland og Knut Martens (Moster grendautval), Annika Vedøy (Goddø grendalag), Ken Helge Stavland og Jørgin Gunnarsson (Svortland Krinslag), Glenn Larsen (Finnås grendautval), Jostein Waage (Brandasund grendalag), Kjersti Hovland, Lasse Toft og Frode Urangsæter (Langevåg utvikling), Anne Johannessen (Bømlo frivilligsentral), Tone Stavland (kommunalsjef samfunnsutvikling), Kjetil Aga Gjøsæter (kommunedirektør), Sammy Olsen (ordførar) og Lene Borgen Waage (Rådgivar for folkehelse og frivillighet – referent).

Presentasjonen som vart halde i møtet ligg på Bømlo kommune sine nettsider.

Agenda

- Velkommen og kort om status i kommunen og dialogmøta våren 2021 v\kommunedirektør og rådgivar for folkehelse og frivillighet
- Kort runde om status og prosjekt i grendautvala
- Tema: Korleis fremjar me god dialog mellom kommunen og grendautvala?
- Tema: Kva rolle bør grendautvala ha i planarbeidet?

Kommunedirektøren innleia med informasjon om aktuelle prosjekt i ulike grender i kommunen. I tillegg skildra ein prosessen for dialogmøte våren 2021, med digitale fellesmøte (eit for grendautvala og eit for lag og organisasjonar) og så møte med dei forskjellige grendautvalsstyra. Møta med grendautvalsstyra vil bli gjennomført i perioden 9.4-31-5 – der det er mogleg møter me to grendautval samla.

Status og prosjekt i grendautvala

Rubbestadneset

- Liv&Lyst-prosjektet er i gang (innvilga hovudprosjekt frå Vestland fylke frå 2021-24) – mange aktivitetar.
- Miljøparken i sentrum: Entreprenørverksemd
- Stongarvågløypa: Dugnad og vurderer lys
- Tilsett skal slå og plukka søppel i Nygårdsparken
- Jobbar med ny heimesida
- Driv skogshogst på dugnad
- Dialog med Veidekke
- Arbeid i stranda saman med Friluftsrådet

Meling

- Dugnad i Halleråkerløypa
- Oppussing Sønstabøkaien
- Gapahuk Kjølen
- Skulen og grendautvalet deltek i ABCD-kurs og folkehelseprogrammet

Goddo

- Parkeringsplass Helgaplass og turstigane (ekstra viktig når no dagsturhytta er på plass) – mange våte parti og behov for å klyppe langs stiane
- Nytt medlemsområde Grendatunet
- Tennisnett på grendaplassen
- Oppgradering leikeplass
- Historiekveldar

Moster

- Legesenter og alderspensjonat – her er det rydda på dugnad og ein planlegg loppemarknad
- Strandpromenade
- Turstigar og gapahukar (mykje dugnadsinnsats) – mål om universelt utforma turløype
- Mange innspel til grendautvalet med ønskjer: Båthamn, lys på Krossen, bubilparkering, arbeid med Kolerakyrkjegarden
- Viktig å bli inkludert fram mot riksjubileet i 2024 – vil vera eit godt vertsskap

Brandasund

- Grendahuset – dugnad og arbeid
- Utfordrande at det er Haugaland kraft som har ansvar for linjenettet
- Viktig med avklaring om eigartilhøvet for grendatunet
- Håpar å gjennomføra årsmøte snart

Finnås

- Fått organisert grendautvalet
- Ny aktivitet i Finnås sportsklubb (volleyball)
- Jobbar for universelt utforma turstig
- Jobbar for fleirbrukshall
- Per no er standarden på nokre av vegane svært dårleg
- Oppfordring om å lage ein plan som viser kvifor ein skal flytte til Bømlø

Svortland

- Bubilparkering på plass
- Jobbar med trafikkisikring: Fartsmåling på Leite
- Turstig Gåslandsmarkjo – Hammaren
- Gjennomført spørjeundersøking
- Turstig rundt Storavatnet – viktig langsiktig mål

Langevåg

- Camp Kåså (Liv og lyst-Langevåg): Har hatt to prosjekt -plan å gjennomføre prosjekt også i 2021 – koronaavhengig.
- Fiskerihavna
- Viktig med attraktive tomter med nærleik til sjø
- Viktig med god veg og at det ikkje blir stopp i bygginga av desse, samt godt fergesamband og god veg på Buavågsida
- Viktig å behalde tenestetilbodet i bygda
- Gangstig ved idrettsbanen
- Droppsone Bygdatunet for skuleelevar
- Bubilparkering med tilgjengeleg dusj og toalett
- Turistvertar

- Felles rakettoppskyting
- Ny heimeside
- Skyttarlag som er god på rekruttering
- Aktivt tur- og sogelag

Ordføreren avslutta runden med ein kort kommentar der han framheva at grendautvala har ei viktig rolle for at Bømlo skal tiltrekkja seg nye innbyggjarar og at det er viktig med godt samarbeid mellom kommunen og grendene. Han framheva at det er avgjerande med arbeidsplassar, barnehageplassar og breiband for å vera attraktiv å flytte til. Her har Bømlo ei viktig oppgåve med å vise fram arbeidsplassar for høgt utdanna. Vidare er det ei utfordring at ein manglar fagarbeidarar. Han trekte også fram at det er avgjerande å få grunneigarane med seg når ein arbeider med turløyper.

Rådgivar for folkehelse og frivilligheit informerte avslutningsvis om dialogmøte med lag og organisasjonar 25.3 og opplegg for grendavise møte mellom grendautvala og kommunen våren 2021.

Korleis fremjar me god dialog mellom kommunen og grendautvala?

Rådgivar for folkehelse og frivilligheit hadde fyrst ei kort innleiing. Kommunen ynskjer at grendene og kommunen kan mobilisera, kartleggja og realisera prosjekt. For å få dette til er det både viktig at grendene får god informasjon og at me får til ein god dialog som gjer at grendene kan vera aktive deltakarar, i tillegg til å kunne gje innspel og komma med høyringssvar.

Deltakarane svarte vidare digitalt på desse spørsmåla:

Kva vil grendene ha informasjon om?



Korleis vil grendene ha informasjon og kor ofte?

Kommunen informerte om at ein kvar månad sender ut nyheitsbrev e-post til alle lag og organisasjonar og til grendautvala. [Nyheitsbrev ligg også på kommunen sine nettsider](#). Grendautvala vart bedne om å spela inn korleis dei ynskjer informasjon og kor ofte.

Deltakarane spelte inn at dei ønskjer informasjon kvar månad som nyheitsbrev på e-post eller på ei nettside. Nokon ønskte også informasjon i møte. Det vart i tillegg peikt på at det var viktig med informasjon i god tid før handsaming av sakar i kommunale organ.

Kommuneadministrasjonen merkte seg innspel om å få informasjon om sakar i kommunale organ i god tid og vil prøva å få fram kva sakar som skal handsamast politisk i god tid i nyheitsbrev. I dei

grendavise møta vil ein også diskutera aktuelle planar og prosjekt i den einskilde grenda. Kommunalsjef for samfunnsplanlegging bad også deltakarane om å ta direkte kontakt om det var konkrete prosjekt dei ønskte status for.

Kva vil grendene delta i dialog om?

møteplassar
trafikksikring
bygdene
tursti
planlegging om byggefelt
spesifikke prosjekt tjeneste tilbud



Grendene vil ha dialog gjennom e-post og at kommunen deltek i grendene sine møte. Det vart også bedt om at det vart sendt e-post til fleire personar i grendautvalet. Her informerte kommunen om at ein er velkommen til å melde inn fleire kontaktpersonar som mottok e-postar til grendautvalet.

Kva rolle bør grendautvala ha i planarbeidet?

Rådgivar for folkehelse og frivilligheit innleia kort om ulike typar planar i Bømlo kommune sin planstrategi og innbyggjarar og grendautvala sin rolle i planprosessane. Etersom arealdelen i kommuneplanen er under revisjon vart det brukt døme knytt til denne prosessen. Konkrete innspel om innbyggjarar frå innbyggjarar og næringsliv har frist 1.6, medan grendautvala kan gi innspel til 31.8.

Vidare vart det informert om at det er utarbeidd grendaprofilar som inneheldt innspel som kom inn i samband med utarbeiding av kommuneplanens samfunnsdel og tiltak i trafikksikringsplanen for kvar av grendene. [Grendaprofilane ligg på Bømlo kommune sine nettsider](#).

Grendautvala meldte at dei ikkje meinte at dei burde ha eit ansvar for å formidla informasjon om prosess for arealdelen til innbyggjarane. Dette fordi rolla og typen innspel grendautvala er forventa å gi kan opplevast som uklart for innbyggjarane.

Avslutningsvis vart det løfta fram tre spørsmål kommunen ønskjer å diskutera i møta med grendautvala:

- Korleis vil grendautvalet kartleggja kva de bør spela inn til arealdelen?
- Kva for mål eller tema i samfunnsdelen synes de er viktigast for dykkar grend?
- Korleis bør me følgja opp innspel utanom revisjonsperiodane?

Møtet vart avslutta med ei kort oppsummering frå ordførar og kommunedirektør.